


MODALEN KOMMUNE



Strategisk næringsplan

2017 - 2021

Vedtøken i KS sak 045/2017

Strategisk næringsplan (SNP) Modalen kommune

Innleiing

Den strategiske næringsplanen (SNP) for Modalen kommune har som føremål å styrkje næringslivet i kommunen. Det skjer ved at me tenkjer, drøfter, prioriterer og planlegg - saman. Me søker å sjå inn i framtida for så å vere aktive i arbeidet med å forme det biletet me ser.

Planen er eit dokument som politikarar, administrasjon og næringsliv er samde om – me har gjort nokre val me vurderer å vere gode for å nå målet om at *det skal vere attraktivt å drive næringsverksemd i Modalen!*

Denne planen er ein revisjon av førre plan frå 1998. Ein del har endra seg sidan den gong, medan noko framleis er viktig å ta med seg på vegen vidare.

Modalen har uttrykket «Liten kommune med mykje kraft!». Krafta er representert både i form av naturressursar som vert foredla, men og i form av tanke- og skaparkraft. Kraft finn ein i tillegg i samhald og felles innsats for framtida.

Kvar vil me?

Det overordna målet er å stimulere til aktivitet og vekst innanfor næringslivet i Modalen. Det inneber at det må veljast retningar, prioriterast område og ta grep for at dette skal kunne skje. Resultata ein søker å bringe fram er verksemdar som vert ein viktig del av samfunnsutviklinga

gjennom å skape arbeidsplassar og aktivitet. Dette vil igjen legge grunnlaget for busetnad og kulturliv for innbyggjarane.

På fleire område i planen er berekraftig utvikling eit viktig omgrep. Modalen tek i vesentleg grad utgangspunkt i naturressursane sine. Det set særlege krav til at me forvaltar desse verdiane godt for dei som kjem etter oss. Me vil difor stimulere til vekst og utvikling innanfor ei *grøn line*.

Nordhordland biosfæreområde er ei UNESCO-satsing kor det på regionalt nivå er søkt om at regionen får ein særleg status innanfor nettopp dette feltet.

Me vil styrkje fokuset på gründerverksemd, entrepenørskap og innovasjon. Slik peikar me på morgondagen sine verksemdar og arbeidsplassar. Modalen har sine utfordringar på logistiksida, men sidan verda også er blitt mindre gjennom t.d. å kunne tilby tenester og produkt over nettet, vil me kunne sjå moglegheiter innanfor verksemdsutvikling me kanskje enno ikkje har tenkt.

For at Modalen kommune skal ha ei positiv folkevekstutvikling i åra som kjem treng me å arbeide fram ei næringsutvikling som kan leggje til rette for dette. Me treng arbeidsplassar – og desse arbeidsplassane må femne så breidt som råd er. Slik kan me også bidra til at unge som flytter vekk for å utdanne seg kjem attende for å arbeide etter endt utdanning.

Korleis skal me få det til?

Gjennom ein drøftingsprosess kor me har sett på kva styrkar og svake punkt Modalen har. Kva moglege utviklingsområde, kva vegar me finn meiningsfulle å gå saman. Desse drøftingane har me kopla til dei *handlingane* me planlegg å gjennomføre dei neste 4 åra. Etter det vil rullering av planen sikre at me har eit oppdatert forhold til dei aktivitetar me driv i det daglege.

Planen er oppteken av å byggje vidare på tradisjonelle næringar som landbruk, reiseliv og IKT, samt næringar som tek utgangspunkt i naturressursane Modalen har tilgjengelege.

I tillegg fokuserer planen på morgondagen gjennom samarbeid, gründerverksemd, innovasjon, utvikling og entrepenørskap.

Skal me auke aktiviteten og legge til rette for nye næringar er me avhengige av å få tilgang på kompetanse. Dette kjem gjennom den einskilde som tek utdanning, men det kjem *og* gjennom dei møtefora me kan nytte til å kompetansefyller kvarandre. Å møtast legg grunnlag for å drøfte problemstillingar, finne løysingar. I tillegg er det her me kan finne ut kva me skulle hatt meir av for så å skaffe oss dette frå ulike miljø.

Ved å møtast vil me fort kunne ta fatt på det som opptek oss, me vil kunne leggje til rette for kvarandre og auke graden av samarbeid. Slik når me resultat saman.

Utgangspunktet vårt.

Me har gode næringsaktørar i Modalen. I tillegg har me Modalen kommune som stor arbeidsgjevar. I forhold til folkesamansetnaden er me noko redusert når det gjeld unge/vaksne i aldersgruppa 16 – 45 år. Likevel er det viktig kompetanse innanfor vasskraft/energi, IKT, sand/betong m.m. Ved å spele på lag vil me kunne lage konstallasjonar kor me finn god nytte av å sjå til kvarandre, tenkje utvikling over år og saman investere i framtida.

Me må finne dei områda kor me kan samarbeide med resten av regionen vår. Her har planen tatt utgangspunkt i «Interkommunal nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland 2016 – 2025» (skal etter planen handsamast/vedtakast av medlemskommunane framover). Ved å ta del i samarbeidsfora og dra vekslar på kvarandre vil me saman kunne hente ut felles verdiar. Det som er godt for Nordhordland vil ofte også vere godt for Modalen! Den interkommunale planen peiker m.a. på omdøme, innovasjon og gründerskap. Me har gode fora å arbeide saman med omliggande kommunar i gjennom *Osterfjorden næringsssamarbeid og Team Nordhordland*.

Vegen vidare

Planen omfattar eit tiltaksprogram som syner kva me i praktisk kvardag skal gjere dei næraste 4 åra for å nå målsetjingane våre. Her treng me å oppfordre kvarandre til å vere aktive, ambisiøse, støttande og

målretta. Det er ein forutsetnad at både Modalen kommune og næringslivet i Modalen tek ansvar for å sikre utviklinga. Hugs å støtte og snakke andre fram!

I 2021 skal planen evaluerast. Då skal me oppsummere kva me har fått til.

Tildeling av stønad frå næringsfondet

I næringsfondsvedtektene § 2 finn ein følgande hovudkriteriar for tildeling av støtte:

«Næringsfondet skal vere eit verkemiddel for næringslivet i Modalen og Modalen kommune i arbeidet med å fremje og styrkje næringsaktivitet og sysselsetjing i kommunen.

Strategisk næringsplan (SNP) er styringsdokument for støtte gjeven frå næringsfondet. Sentrale kriteriar i vurderinga er grad av sysselsetjings- og busetnadseffekt, og tiltak som fører til nyskaping/vidareutvikling av verksemder.»

Stønad i form av tilskot og/eller lån vert på grunnlag av kriteriane i § 2 plassert i følgande rettleiande tildelingskategoriar:

1. Samla stønad inntil 20 %.
Dette inneber lågare grad av sysselsetjingseffekt, busetnadseffekt og tiltak som i liten grad kan føre til nyskaping/vidareutvikling av verksemder.

2. Samla stønad inntil 35 %.
Dette inneber middels grad av sysselsetjingseffekt, busetnadseffekt og tiltak som i middels grad kan føre til nyskaping/vidareutvikling av verksemder.
3. Samla stønad inntil 50 %.
Dette inneber høg grad av sysselsetjingseffekt, busetnadseffekt og tiltak som i høg grad kan føre til nyskaping/vidareutvikling av verksemder.

I særlege tilfelle kan stønad tildelast utover kategori 3.

Det er ikkje høve til å søkje om støtte til same prosjekt kor kommunen har fatta vedtak tidlegare.

Særlege forhold - landbruk

Ordninga med «Kommunale tilskotsordningar for landbruket i Modalen» som har verka i perioden 2011 – d.d. (planlagt evaluert 2016, KS sak 05/11) vert lagt inn i strategisk næringsplan med ei forlenging fram til neste rullering (2021).

Årsaka er at aktørar er undervegs i planlegging og det vil verte for brått å avslutte på noverande tidspunkt. Ved å evaluere ordninga tidleg i perioden vil resultatane av denne danne grunnlag for aktørane å planlegge i forhold endring/vidareføring f.o.m. neste rullering.

Tiltaksplan

MK = Modalen kommune, NL = Næringslivet, LB = Landbruket Ansvar 2017 2018 2019 2020

Fokus: Reiseliv

Mål: Modalen skal utvikle eksisterende og nye reiselivsprodukt.

Utvikle reiselivsprodukt saman med det lokale næringslivet.

	Ansvarleg	2017	2018	2019	2020
Samle reiselivsaktørar ein gong pr. mnd. for felles drøftingar, foredrag, kompetanseheving eller planlegging.	MK, NL	x	x	x	x

Utarbeide plan for reiselivssatsinga og styrke Modalen som reiselivsdestinasjon og kurs-/konferansestad.	NL		x		
--	----	--	---	--	--

Utarbeide produktoversikt for kva og korleis me kan by tilreisande opplevingar i Modalen.	NL	x			
---	----	---	--	--	--

Få på plass oppstillingsplass for bubilar/campingvogn, utvikle båthamna.	MK, NL	x	x	x	x
--	--------	---	---	---	---

Legge til rette for samarbeid med aktørar utanfor Modalen, inkl. marknadsføring.

Ta del i Team Nordhordland og Osterfjorden nærings samarbeid og og slik vere ein ressurs for Modalen sine næringsaktørar.	MK, NL	x	x	x	x
---	--------	---	---	---	---

Lage skiltløsning <i>inn</i> til - og <i>i</i> Mo sentrum.	MK, NL	x			
--	--------	---	--	--	--

Sikre god informasjon av verksemder/aktivitetar gjennom kommunen si nettside.	MK, NL	x	x	x	x
---	--------	---	---	---	---

Legge til rette for sentrumsutvikling.

Samarbeide med reisliv/handel om tiltak for å styrkje handel og aktivitet i Mo sentrum.	NL, MK	x	x	x	x
---	--------	---	---	---	---

Etablere el-ladepunkt for bil/sykkel i Mo sentrum.	MK, NL		x		
--	--------	--	---	--	--

Fokus: IKT

Mål: Modalen skal vere i framkant innanfor IKT-satsing.

Framheve og støtte idèar innanfor IKT-satsing. Stimulere til knoppskyting.

	Ansvarleg	2017	2018	2019	2020
Framheve og støtte opp under aktørar som fremjar IKT-baserte nyvinningar/løysingar.	MK	x	x	x	x

Modalen kommune skal innad i eigen organisasjon ha idèdugnad med føremål å avdekke moglege IKT-utviklingsbehov.	MK		x		
---	----	--	---	--	--

Fokus: Naturressursar

Mål: Modalen skal utvikle bærekraftige næringar basert på lokale naturressursar.

Legge til rette for næringar som byggjer på lokale ressursar.

	Ansvarleg	2017	2018	2019	2020
Auke produksjonen i landbruket gjennom aktivt samarbeid/rådgeving med landbrukskontoret.	LB, MK		x		x

Aktiv støtte til verksemder som ynskjer å byggje på lokale naturressursar gjennom rådgeving og støtte frå næringsfondet.	MK	x			
--	----	---	--	--	--

Legge til rette for foredling av nisjeprodukt/naturressursar (stein/sand, vatn, landbruk m.m.)

Vere aktiv og ha ja-haldning til initiativ som rettar seg mot berekraftig foredling av naturressursar.

MK	x	x	x	x
LB, MK	x	x	x	x

Arrangere bonden sin dag kvart år.

Fokus: Gründer, etablering, entrepenør og innovasjon -

Mål: Modalen skal vere nytenkjande og utviklingsorientert.

Legge til rette for felles etableringsmiljø.

Tilrettelegge kontorlokaler for aktuelle etablerarar i samband med kommuneadm. for å utveksle og drøfte idèar m.m.

Ansvarleg	2017	2018	2019	2020
MK		x	x	x

Legge til rette for etablerings-/innovasjonssamling i Modalen. Invitere inn kompetansegevarar.

MK, NL	x	x	x	x
--------	---	---	---	---

Sikre at Modalen kommune har ei effektiv og god rådgjevingsteneste til å møte etableraren.

MK	x	x	x	x
----	---	---	---	---

Aktivt profilere program og ressursar knytt til etablering.

MK	x	x	x	x
----	---	---	---	---

Gratis deltaking på etableringsopplæring/-kurs gjennom t.d. løn/tilskot.

Modalen kommune skal ha låg terskel for å invitere etablerarar til rådgjeving/samtale og vise veg vidare til gode hjelparar og ordningar. MK tek del i å samordne rettleiarapparatet i regionen gjennom Team Nordhordland.

MK	x	x	x	x
----	---	---	---	---

Støtte etablerarar aktivt og økonomisk innan kurs- og opplæringstiltak gjennom næringsfondet.

MK	x	x	x	x
----	---	---	---	---

Støtte opp under forstudiar til nye idèar og innovasjon.

Aktivt støtte forstudiar til nye idèar og innovasjon gjennom næringsfondet. Tilby rådgjeving og vise veg vidare til gode hjelparar i systemet.

MK	x	x	x	x
----	---	---	---	---

Legge til rette for gründeropplæring i barnehage/skule.

Barnehagen og skulen utarbeider plan / informasjon for korleis dei kan stimulere til / introdusere gründeropplevingar blant barn.

Skulen, barnehagen	x	x	x	x
--------------------	---	---	---	---

Prioritere forretningsidèar/tiltak som støttar opp under bærekraftig utvikling.

Sikre og prioritere at gode bærekraftige forretningsidèar utløyser støtte gjennom rådgjeving og finansiering.

MK	x	x	x	x
----	---	---	---	---

Legge til rette for tilgjengelege og billege lokaler (kontor og liknande) for små-/gründerverksemdar.

Utarbeide oversikt for kva som finns av moglege lokaler, samt kva som kan gjerast for å sikre slike lokaler.

MK		x	x	x
----	--	---	---	---

Fokus: Kompetanse og samarbeid -**Mål: Modalen skal etablere samarbeidsfora som også skal sikre kompetanseutvikling.****Legge til rette for fellesfora/møtestadar kor kompetanseheving kan finne stad.**

Modalen kommune skal legge til rette for eit kompetansehevingsmøte kvart halvår kor næringslivet/næringsforum vert invitert.

Ansvarleg	2017	2018	2019	2020
NL, MK	x	x	x	x

Legge til rette for felles opplevingar/inspirasjon (turar, besøk m.m.)

Legge til rette for eit besøk i året kor næringslivet i Modalen vitjar verksemd/kompetansmiljø utanfor kommunen. Fellesmøte for landbruket kor kompetanseheving vert sikra.

NL, MK	x	x	x	x
Landbrukssjef	x	x	x	x

Legge til rette for at ungdom vil ta del i det lokale næringslivet i framtida.

Sikre at det er ungjobb-tilbod kvar sommar til ungdom mellom 16 og 23 år.

MK	x	x	x	x
----	---	---	---	---

Gje stipend til alle ungdommar som tek vidaregåande utdanning.

MK	x	x	x	x
----	---	---	---	---

Legge til rette for integrering i arbeidslivet.

Tilby praksisplassar, språktreningsplassar i arbeidslivet, samt auke fokus på fleirkulturell verdiskaping.

MK, NL		x	x	x
--------	--	---	---	---

Fokus: Omdøme -**Mål: Modalen skal ha eit tydeleg og profilert omdøme.****Utarbeide marknadsføringsstrategi for Modalen.**

Utarbeide ein plan/strategi som tek føre seg å kartleggje, analysere og skissere retningar for korleis og på kva område Modalen skal marknadsføre seg utad. Dette inkluderer å velje t.d. kommunikasjonskanalar m.m. Utvikle visuell identitet, merkevare/logo.

Ansvarleg	2017	2018	2019	2020
MK, NL		x		
MK, NL		x	x	x

Arbeidsprosess fram mot revidert strategisk næringsplan

- Vedtak i formannskapet 06.10.16: revidere strategisk næringsplan og vedtekter for næringsfondet.
- 15. oktober: orientering om at prosessen med revidering av dei 2 dokumenta vart informert om på kommunen si nettside.
- Vedtak i KS: revidere strategisk næringsplan og vedtekter for næringsfondet.
- 17.11.16: Første møte i styringsgruppa. Utarbeidd hovudmål og gjennomført SWOT-analyse (sjå medlemmar bak i dette dok.)
- 19.12.13: Møte med referansegruppa (sjå oversikt medlemmar bak i dok.)
- 31.01.17: Møte i styringsgruppa: Arbeidd med fokusområde.
- 16.02.17: Møte i styringsgruppa: Arbeidd med strategiar.
- Mars 2017: Undervegshøyring (frist 01.04.17). Utkast sendt alle verksemder i Modalen, samt lagt ut på kommunen sine nettsider.
- 06.04.17: Møte med landbruket: Gjennomgang av fokusområde og strategiar.
- 20.04.17: Møte i styringsgruppa: Drøfta høyringsinnspel, drøfta tiltaksprogram, drøfta næringsfondsvedtekter.
- 08.05.17: Møte i styringsgruppa. Drøfta innhald SNP og vedtekter.
- 08.06.17 – 22.08.17: Utkast vart sendt ut på høyring i form av epost

til alle verksemder i Modalen, samt lagt ut på kommunen sine nettsider.

- 24.08.17: Møte i referansegruppa.
- 06.09.17: Framlegg til vedtak i formannskapet/styringsgruppa.
- 21.09.17: Framlegg til vedtak i kommunestyret.

Referansegruppe

Lars Ørjan Nese (Nese Media), Einar Sofienlund (Nøttveit Energi), Knut Helland (Modalen Kraftlag), Jannike Neset (UniMicro), Terje Nygard (Modalen Sandtak), Oda Mo Eikefet (Ungdomsrådet), Inge Farestveit (landbruk), Jarle Heimdal (landbruk), Audun Eidsnes (Trevare-/betongindustri), Gudbjørg Vilhjalmsdottir (Mobryggja), Dag Kenneth Marholm (SeaCamp) og Roger Fure (COOP).

Styringsgruppa

Formansskapet:

Tom Kristian Thorsen, ordførar
Kristin Nåmdal, varaordførar
Ann-Jorunn Farestveit
Linda Neset
Kjetil Eikefet

Administrasjonen:

Øivind Olsnes, rådmann
Laila Bjørge, landbrukssjef
Ove Sæbø, kultur- og utviklingssjef (sekretær).